



Seim Eiendomsutvikling AS  
Nesbrekka 28  
5912 Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2520 - 22/23563

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
23.03.2022

## Løyve til seksjonering - gbnr 172/217 Hopland

**Administrativt vedtak: Saknr: 343/22**

### **VEDTAK:**

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 172. bnr 217, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebrøken- 1/2.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delelinje midt i vertikaldelt 2-mannsbustad.

Allt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonseigarane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 172/217 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

### **Saka gjeld**

Kommunen har motteke søknad, datert 11.03.22, om seksjonering av eigedommen gbnr 172/217 med adressene Fuglevikvegen 18A,B.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av vertikaldelt 2-mannsbustad.

### **Vurdering**

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar ( er nok med 2 eks.) og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane. Situasjonsskart er redigert 23.02.22
- Plan-/ fasadeteikningar ( 3 vedlegg) av bustadbygget over 1. plan og 2. plan.
- Vedtekter ( forslag til) for sameiet gnr. 172. bnr 217, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn og signert av nestleder i styret for eigar Seim eiendomsutvikling AS, som har signaturrett.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

### **Gebyr**

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 4.1.1 er gebyret for 2-4 seksjonar kr 12.300,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

### **Regelverk**

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/2520»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om seksjonering GBNR 172-217- godkjent

**Vedlegg:**

Situasjonsplan seksjonering 172-217  
Tegninger

**Mottakrar:**

Seim Eiendomsutvikling AS

Nesbrekka 28

5912 Seim